

TEMA: Landskapet ①9, Embetsmennene ①61  
KART: ④428, ④438

# Einstapevoll


## HELLEBROTA PÅ TITTELSNES

«På landet Wallestrand... befindes Bierg- Arten næsten over alt at være af en skifer- aktig Beskaffenhed; såvel nede ved sø- kanten, som på Gårdene og i deres Udmarker».

Dette slår sokneprest ERIC OLSEN fast i 1797, i ei lita bok om helleberga på Tittelsnes. Han var ein føregangsmann som ivra for å auka bruken av stein til bygging av uthus og til taktekking, mellom anna for å spara på skogen, som mange stader byrja å verta uthoggen.

På TITTELSNES (truleg av eit eldre mannsnamn «Titolf») var det ei rekkje hellebrot. Gravfunn tyder på at det har vore busetnad her heilt attende til 600- talet e.Kr. På 1800-talet hadde helle- brota mykje å seia som inntektskjelde for bondene på gardar som Einstapevoll, Haugsgjerd, Hauge og Gramshaug. Ikkje minst husmennene hadde god nytte av desse inntektene. Verksemda gav òg arbeid til mange utanbygds folk. I 1920-åra vart det stort sett slutt på arbeidet i hellebrota.

Vegen nordover Tittelsnes til Grams- haugvågen går gjennom eit vakker land- skap, med mange dømme på fin gammal byggeskikk. I dei tunge helletaka og i steinveggene på uthusa ser vi korleis steinen frå hellebrota er nytta. Mange stader ser vi gamle murar med murar- handverk av høgaste klasse.



Frå Haugsgjerd på Tittelsnes.

**EINSTAPEVOLL (av einstape: «bregne») ligg på vestsida av Tittelsneshalvøya. Fram til 1831 var garden prestebustadgods under Stord presteembete. Prestane hadde bygselretten. Landskylda og andre avgifter frå garden var ein del av løna deira.**



Hovudbygningen på Einstapevoll. Den einaste trebygningen på garden.

I 1816 bygsla OLE GEORG OLSEN bruk nr. 1 på garden. Han var son av sokneprest Eric Olsen på Stord. Han reiv dei gamle husa, og bygde i alt 24 nye bygningar på bruket. Av desse var berre hovudhuset i tre, resten var opp-

førte i stein. Kring huset bygde han opp murar i naturstein, som danner ei grense mot udyrka mark og omkransar hagen.


Utforminga av tunet er eit resultat av ein medviten plan, med markerte aksar som speglar av barokkens symmetri- prinsipp. Bruken av stein som bygge- materiale og dei mange helletaka gjer at tunet føyer seg fint inn i terrenget. På Einstapevoll var det fleire hellebrot som gav gode inntekter.

Ole Georg Olsen var ein dyktig gard- brukar og handverkar, og han gjorde bruket til eit mønsterbruk. Ideane til utforminga av tunet henta han på reisene sine, og det er tydeleg at han må ha vore godt kjend med prinsippa for utforming av hageanlegg. Han bygde lysthus, planta roser og kaprifolium, laga frukt- og bærhagar og ei rekkje av mektige lønnetre. Bortanfor desse ligg ein elliptisk forma haug, krona av eit veldig kastanjetre.

I dag står 18 av husa att på garden. Tunet ligg vakker i landskapet, med dei mange steinhusa og murane. Hovud- bygningen, som er i tre, var opphavleg i empire-stil. Noko av dette preget er intakt i interiør og detaljar. Utvendig er huset prega av ei ombygging i 1916-17, med krysspovstindaugo i jugend-stil. Kårhuset «Muren» vart truleg oppført i 1832. Det har eit tilbygg frå 1940.

Tunet vart freda i 1923. □

## HELLERISTNINGANE PÅ GRAMSHAUG



Teikninga syner eit forsøk på rekon- struksjon av Gramshaug-ristningane. Dei fylte felta syner figurane slik dei står i dag.

På GRAMSHAUG, tett attmed vegen, ligg eit helleristningsfelt frå bronsealderen. Sjølv om lite er att etter 3000 års for- vitring, ser vi at motiva samsvarar med motiv frå andre tilsvarande felt i Sunn- hordland/Hardangerområdet: Hjulkross, ringar, og restar etter båtfigurar. Rist- ningane har opphav i ein jordbrukskultur, der sol og grøde har vore sentrale kult- element (①37).